

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 06.03.2024, kl. 11:35-16:00
MØTESTAD: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Marit Hermansen	Nestleiar
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Arne Johannessen	Medlem
Silje Skaar Sunde	Medlem
Erik M. Hansen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Marita Aarvik	Observatør

Forfall

Aud Ingrid Espeland	Medlem
---------------------	--------

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Helge Robert Midtbø, direktør Drift og eigedom
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Asle Kjølraug, fagdirektør
Vidar Øvrebø, stadleg leiar Lærdal sjukehus
Heidi Vederhus, stadleg leiar Nordfjord sjukehus
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Laila Solheimslid, revisor BDO
Hilde E. Hjelmeland, rådgjevar

SAKSLISTE

Saksnummer	Sakstittel
013/2024	Godkjenning av innkalling og dagsorden, samt spørsmål om habilitet
014/2024	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 25.01.2024
015/2024	Godkjenning av protokoll frå ekstraordinært styremøte i Helse Førde HF 14.02.2024
016/2024	Administrerande direktør si orientering
017/2024	Rapportering frå verksemda per januar 2024
018/2024	Styringsdokument 2024 – Helse Førde HF
019/2024	Risikostyring 2023 – rapportering 3. tertial
020/2024	Utgreiing om samfunnsansvar 2023
021/2024	Årleg melding 2023 om likestilling, inkludering og mangfald
022/2024	Årsrekneskap 2023 – Helse Førde HF
023/2024	Oppfølging av internrevisjonsrapport «Brukarmedverknad i helseføretaka i Helse Vest»
Saker til orientering	
024/2024	Økonomisk langtidsplan – orientering
025/2024	Eventuelt

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret med nye styremedlemmer og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

Det vart ein kort presentasjon av styret og administrasjonen.

Sak 013/2024 Godkjenning av innkalling og dagsorden, samt spørsmål om habilitet

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden.

- Aud Ingrid Espeland hadde meldt forfall
- Styresak 022/2024: Nytt vedlegg 2 Del 2, var lagt i Admincontrol 1. mars

Spørsmål om habilitet:

Torfinn Heggland var inhabil i sak 025/2024 lukka del. Han deltok ikkje ved orienteringa.

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

**Sak 014/2024 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF
25.01.2024**

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjenner protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 25.01.2024.

**Sak 015/2024 Godkjenning av protokoll frå ekstraordinært styremøte i
Helse Førde HF 14.02.2024**

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjenner protokoll frå ekstraordinært styremøte i Helse Førde HF 14.02.2024.

Sak 016/2024 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia om:

- Punkt 6 «Nevrofysiologisk team» utgår. Dette blir fagleg orientering til eit seinare styremøte.
- Nytt punkt 8. Orientering oppfølginga etter styresak 011/2024

Organisasjonskartet for Helse Førde, med nivå 2 og 3, vart gjennomgått.

- 1. Rapportering tilsynssaker**
- 2. Oversikt over aktuelle høyringar**
- 3. Saker til oppfølging etter styremøte**
- 4. Landingsplass for helikopter ved Førde sentralsjukehus**

Adm. direktør Varden orienterte om Førde Helikopterlandingsplass ved Førde sentralsjukehus

- BSL E3-5 stiller krav til havariberedskap ut frå tal passasjerar som helikopteret kan ha om bord
- Tilsyn i 2019 – utfordringa vart tatt opp – ein forhold seg då til faktisk tal passasjerar, som vanlegvis er < 10

- Tilsyn i februar 2024: Umiddelbart krav om brannberedskap + at ein må søkje dispensasjon om landing for større helikopter

Strakstiltak: Sunnfjord Brann og Redning har oppmøte på alla helikopterrørsle med redningshelikopter.

Det blir orientering til styret i mai 2024.

5. Uønska hending ved Førde sentralsjukehus 10.02.2024

Direktør Tvedt orienterte om uønska hending ved Førde sentralsjukehus 10. Februar. Det har vore oppfølgingspunkt etter hendinga. 16. februar var det debriefing av hendinga. 13. februar var det hendingsanalyse, som pågår og vi må finne læringspunkta.

Det var presseoppslag:
Pasient kutta Helse Førde-tilsett med skarp gjenstand
Kvar skade som skjer, er ein skade for mykje

6. Nevrofysiologisk team

Utgår

7. Tildeling frå Norsk forskingsråd

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om Norsk forskingsråd som har løyvd 20 millionar til forskingsprosjekt "NORSE Impact" i Helse Førde.

Målet er å styrke brukarar og pasientar heime hos seg sølv, basert på persontilpassa teknologi, er kjerna til Norse Impact.

Styret ga honnør til forskingsmiljøet i Førde.

8. Oppfølging etter styresak 011/2024

Adm. direktør Varden orienterte om oppfølging etter ekstraordinært styremøte 14. Februar 2024, styresak 011/2024 «Mellombels omorganisering av avdeling for akuttmedisin, prosess for å greie ut endra organisering og tiltak som kan gi varig endring»

Sidan sist har adm. direktør gjort:

- Mellombels omorganisering vart iverksett frå 19. februar 2024. Bjørn Morten Øen, utleigd får Helse Bergen, er på plass.
- Prosjektgruppa er samansett, og første møte vert 13. Mars.
- Det er tatt kontakt med AFF, med dialog om fokus på arbeidsmiljø.
- FAMU har vedteke at det vert etablert eit eige verneområde for AOISD

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 017/2024 Rapportering frå verksemda per januar 2024**Oppsummering**

Administrerande direktør Varden innleia rapporteringa:

- Resultatet i januar var minus 7,4 millionar kroner, som er 7,3 millionar bak budsjett
- Styringsfarten er i tråd med forventningar, då vi ikkje kan vente at tiltak har gitt økonomisk effekt på noverande tidspunkt.
- God aktivitet i somatikken, vesentleg betre enn budsjettert
- Meirforbruk knytt til overtid, ekstrahjelp og innleige.
- Meirforbruk også knytt på medikament, samt energikostnader

Ein forenkla rapport for februar 2024 vert utsendt til styret i neste veke.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per januar 2024 til vitende.

Sak 018/2024 Styringsdokument 2024 – Helse Førde HF**Oppsummering**

Styringsdokumentet klargjer premissane og rammene som gjeld for verksemda, og inneheld mål, oppdrag og resultatkrav til helseføretaka.

Helseføretaka skal innrette verksemda si med sikte på å nå overordna hovudmål:

- | |
|---|
| <ol style="list-style-type: none">1. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling2. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik3. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp |
|---|

Resultatkravet til Helse Førde HF er i 2024 fastsett til eit resultat på minus 2 millionar kroner.

Nokre viktige område framover blir:

- Styrke psykisk helsevern og rusbehandling

- Styrke forskning, innovasjon og kompetanse
- Kvalitetsforbetring – kvalitetsindikatorane ventetider og fristbrot m.m.
- IKT-utvikling og digitalisering
- Oppnå økonomisk berekraft

Styringsdokument 2024 for Helse Førde HF vart vedtatt i føretaksmøte i Helse Førde HF 14. februar 2024. Styringsdokumentet vart deretter framlagt som sak til styret i Helse Førde HF 06. mars 2024.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Styringsdokument 2024 for Helse Førde HF» til vitende.

Sak 019/2024 Risikostyring – rapportering 3. tertial

Oppsummering

Risikostyringa for 3. tertial syner særleg høg risiko innan økonomiområdet. Også områda for rekruttering og intern samhandling har relativt høg risiko.

Den overordna risikostyringa til Helse Førde omfattar åtte område:

- Legemiddelområdet (topp-5-risiko i Helse Vest)
- IKT og informasjonssikkerheit (topp-5-risiko i Helse Vest)
- Vald og trugslar (topp-5-risiko i Helse Vest)
- Rekruttering (I utgangspunktet topp-5-risiko i Helse Vest, men Helse Førde har valt å fokusere meir på rekruttering enn ekstern turnover)
- Uønskt variasjon ortopedi (topp-5-risiko i Helse Vest)
- Uønskt variasjon radiologi (topp-5-risiko i Helse Vest)
- Intern samhandling (eige område)
- Økonomistyring (eige område)

Utviklingsdirektør Kleiven orientering om risikostyring. Det blir arbeidd med ein modell som i større grad sikrar heilskapleg risikostyring. Målet framover er at risikostyringsmodulen i Synergi skal bli eit tenleg verktøy for å få til dette.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek rapportering risikostyring 3. tertial 2023 til orientering og merkar seg særskilt den høge risikoen innanfor økonomiområdet.

Sak 020/2024 Utgreiing om samfunnsansvar 2023

Oppsummering

Spesialisthelsetenesta vedtok felles rammeverk for samfunnsansvar¹ i mars 2023 og Helse Førde arbeider etter dette. Rammeverket legg føringar for sentrale aktivitetar føretaka skal gjennomføre for å opptre som ei ansvarleg verksemd innanfor desse områda:

- Sosiale tilhøve – «People»
- Miljøtilhøve – «Planet»
- Økonomiske tilhøve – «Profit»

Saka gir ei orientering om korleis ein har arbeidd med aktsemdvurderingar og funna frå dette arbeidet. Utgreiinga og handlingsplanen utgjer grunnlaget for pålagt rapportering i openheitslova. Handlingsplan 2024 omhandlar følgjande risikoområde:

- 1) Endringar og innføring av nye rammeverk tek tid å integrere
- 2) Kartlegging av eigne innkjøp
- 3) Manglande dokumentasjon knytt til naturrisiko for eigne bygg
- 4) Kunnskap om korleis antikorrupsjon er relevant i vår verksemd er truleg for lite kjent

Rådgjevar Hjelmeland orienterte om:

- *Arbeidsmetode*
- *Status tiltak – handlingsplan 2023*
- *Risikoområde og handlingsplan for 2024*

Vedtak (samrøystes):

Styret for Helse Førde HF godkjenner utgreiing om samfunnsansvar 2023 og handlingsplan for samfunnsansvar 2024.

Sak 021/2024 Årleg melding 2023 om likestilling, inkludering og mangfald

Oppsummering

Helse Førde har utarbeidd ei eiga melding på likestilling og diskriminering. Denne omhandlar faktisk tilstand i verksemda når det gjeld kjønnslikestilling og korleis ein arbeider for å oppfylle aktivitetsplikta etter Likestillings- og diskrimineringsloven § 26. Meldinga vert handsama som ei eiga styresak i føretaket, og vert publisert på helseføretaket si nettside.

Styret kommenterte på tabell i forhold til deltid.

HR-direktør Skjelten svara at ei undersøking viser at det er mest ønska deltid i Helse Førde.

Vedtak (samrøystes):

Styret vedtek årleg melding 2023 om likestilling, inkludering og mangfald.

Sak 022/2024 Årsrekneskap 2023 – Helse Førde HF

Oppsummering

Helseføretaka er pliktige til å følge rekneskapslova etter lov om spesialisthelseteneste. I følge paragraf 3-1 i rekneskapslova skal rekneskapspliktige for kvart år utarbeide årsrekneskap og årsmelding. I samsvar med same lov skal årsmeldinga og årsrekneskapen underskrivast av alle styremedlemmer og dagleg leiar. Etter tilråding i styret skal årsrekneskap for 2023 sendast vidare til styret i Helse Vest RHF og føretaksmøte for endeleg vedtak.

Årsrekneskap for 2023 er eit underskot på 13.852.823 kroner.

Adm. direktør Varden orienterte om: Årleg melding 2023

- *Fire hovudoppgåver til helseføretaket*
- *Årsresultat 2023 er eit underskot på 13,9 millionar kroner*
- *Hovudårsak til avvik mot budsjett er meirforbruk på personalkostnader, då særleg knytt til overtid, ekstrahjelp og innleige*
- *Inflasjon og lønnsoppgjer art vesentleg høgare enn budsjett*
- *Styringsfarten ut av 2023 er for høg samanlikna med forventa økonomiske rammevilkår*

Økonomidirektør Helleseth orienterte om:

- *Nokre mindre forhold til utsend versjon til: kontantstraumoppstilling, note 9 og note 20*
- *Utvikling i aktivitet*
- *Resultatrekneskap viser minus 13,9 millionar*
- *Kontantstraum*
- *Varige driftsmidlar*

Revisor Laila Solheimslid orienterte om: Revisors rapportering 2023 – styret

Skriftleg kommunikasjon med styret etter revisorlova §9-5, nr. 3

- *Kommunikasjon, revisjonsstrategi og risikovurdering*
- *Observasjonar og anbefalingar*
- *Andre forhold som er diskutert med leiinga*
- *Konklusjon og tilrådingar frå internrevisjonen*

LUKKA DEL:

Aksjelova § 7-5a

Styret og revisor hadde eit lukka møte før vedtak.

OPEN DEL:

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjenner Helse Førde HF si årsmelding for 2023.
2. Styret godkjenner Helse Førde HF sitt årsrekneskap med notar for 2023.
3. Styret vedtek rapport om løn og anna godtgjersle for Helse Førde HF 2023.

**Sak 023/2024 Oppfølging av internrevisjonsrapport
«Brukarmedverknad i helseføretaka i Helse Vest»****Oppsummering**

Revisjonsrapporten vart handsama av revisjonsutvalet i Helse Vest 31.10.23 og styret i Helse Vest 06.12.23. Administrerande direktør legg rapporten fram for styret i Helse Førde saman med handlingsplan for oppfølging av tilrådingar i interrevisjonsrapporten frå Helse Vest. Internrevisjonen i Helse Vest ber om å få handlingsplanen tilsendt etter styrebehandling i Helse Førde.

Internrevisjonsrapporten identifiserer følgjande område for forbetring:

- 1) Opplæring og informasjon
- 2) Forventningsavklaring
- 3) Evaluering og læring
- 4) Involvering i arbeidet med årleg melding i Helse Førde

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Førde godkjenner handlingsplan for oppfølging av tilrådingar i internrevisjonsrapporten om brukarmedverknad i helseføretaka i Helse Vest.
2. Handlingsplanen vert oversend internrevisjonen i Helse Vest.

Saker til orientering:**Sak 024/2024 Økonomisk langtidsplan - orientering**

Adm. direktør Varden orienterte om økonomisk langtidsplan:

- Målet med økonomisk langtidsplan
- Fristar og framdrift økonomisk langtidsplan – våren 2024. Ferdigstille styresak 6. mai 2024. Blir styresak i Helse Førde 23. mai, og styresak i Helse Vest 13. juni
- Føringar frå Helse Vest – Økonomisk langtidsplan 2025-2029
- Utfordringsbildet 2024
- Utfordringsbildet på lengre sikt
- Status større tiltak som krev analyse

Økonomidirektør Helleseth orienterte om:

- Investeringsevne – svært viktig med tanke på medisinsk utvikling og kvalitet i tilbudet
 - Vedtekne investeringar
 - Vedlikehaldsinvesteringar
- Resultatkrav Helse Førde HF
 - Endra resultatkrav og bruk av kassekreditt eller internlån krev godkjenning frå Helse Vest
- Innsparingskrav
- Nærare om balansen mellom resultatkrav, innsparingskrav og investeringsevne
- Prosessen med omstilling held fram. Kvart tiltak må ha ei vurdering av fag, rekruttering og økonomi

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orientering om økonomisk langtidsplan til vitende.

Sak 025/2024 Eventuelt

Adm. direktør Varden orienterte om at det er planlagt partnerskapsmøte 23. mai, kl. 16:30-19:00. Dette i etterkant av styremøte.

Styreleiar Krakhellen orienterte styret om mottatt varsel og handsaming av desse.

LUKKA DEL:

Helseføretakslova §26 a

Styreleiar Krakhellen orienterte styret med supplerande informasjon om mottatt varsel.

Ref. Berit Irene Haarklau
06.03.2024

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Marit Hermansen	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland (sett)	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Arne Johannessen	Medlem
Silje Skaar Sunde	Medlem
Erik M. Hansen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland (deltok ikkje i sak 025/2024, lukka del)	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem